



**Samnanger kommune**  
Tyssevegen 217  
5650 TYSSE

**VEST POLITIDISTRIKT**

Dykkar referanse:  
18/1597/19/730

Vår referanse:  
201900831-2 622

Stad, Dato  
, 12.02.2019

## **ALPINISTEN, EIKEDALEN SKISENTER - ANMODNING OM UTTALE TIL SKJENKEBEVILLING**

Lensmannen i Kvam, Samnanger, Fusa og Tysnes har blitt beden av Samnanger kommune å koma med ein uttale i samband med søknad frå Nitter Nordlinder AS "Alpinisten" i Eikedalen om skjenkeløyve i **Eikedalen skisenter**. Skrivet frå kommunen vart motteke her den 24.1.2019

I søknaden vart det opplyst at fast skjenkeløyve gjeld "Alpinisten" i Eikedalen skisenter. Skjenkeløyvet er meint å gjelde 2.etasje i lokalet "Alpinisten" som skal nyttast til kafèdrift i Eikedalen skisenter og på den tilhøyrande terrassen som nyleg er bygd ut.

Løyvesøkjer er oppgitt å vera Nitter Nordliner AS org.nr. 921 440 413.

Kontaktperson er opplyst å vera Anca Mihaela Nitter f. 22 11 85 frå Øystese. Styrar for skjenkeløyve er den same.

Stedfortredar for styrar er oppgjeve å vera Børge Nordlinder Nitter f. 17 05 70 frå Øystese.

Dagleg leiar for verksemda er oppgjeve å vera styrar, Anca Mihaela Nitter.

### Skjenkearealet

Slik underteikna ser det, er det aktuelle skjenkearealet same arealet som i dag vert nytta til kafè i Eikedalen skisenter. Skjenking av alkohol i dette området, er særst uheldig, slik underteikna ser det. Ved tidlegare søknader om skjenking i Eikedalen, har underteikna innstilt på fråråding av skjenking av alkohol på heile området til Eikedalen skisenter AS.

### Området sin funksjon

Underteikna ser at saka er av prinsipiell karakter. Spørsmålet vert om ein bør tillata skjenking av alkohol i område som barn, unge og barnefamiliar nyttar til rekreasjon og sport. I eit førebyggjande perspektiv vil ein reduksjon av alkoholforbruket, gjeva ein helsegevinst. Auka tilgang til alkohol medfører auka misbruk av alkohol.

**VEST POLITIDISTRIKT**

På den andre sida vert det meir og meir vanleg med skjenking av alkohol ved slike arena/områder. Det blir etter underteikna sitt synspunkt, eit forretningsmessig spørsmål om kva drivar av Eikedalen skisenter AS ønskjer å fremma for området, og eit politisk spørsmål kva Samnanger kommune tenkjer er naturleg skjer innan for eit området avsett for rekreasjon for barnefamiljar.

#### Skjenketida

Underteikna meiner det er heilt klart uheldig at skjenketida skal vera som omsøkt frå klokka 0900 til klokka 2200 kvar dag for gruppe 1 og 2, for gruppe 3 frå 1200 til klokka 2200.

Dette ikkje minst med tanke på det førebyggjande perspektivet kor området skal vera eit trygt og sikkert rekreasjonsområdet for barnefamiljar, og ikkje minst for barn og unge. I tillegg kjem den ordensmessige utfordringa ved servering av alkohol over eit så langt tidsrom. Det vil erfaringsmessig verta knytt mykje politiresursar til handtering av problem som resultatet av skjenking av alkohol.

#### Innstilling frå politiet

**Ut frå ei totalvurdering kor tryggleik, sikkerheit og orden saman med ein førebyggjande synsvinkel, meiner underteikna at det ikkje bør verta gjeve løyve til skjenking av alkohol i området til Eikedalen skisenter AS.**

Dersom Samnanger kommune likevel vel å gje løyve til skjenking av alkohol i Eikedalen, **må** det setjast klåre vilkår for skjenkeløyvet.

Det må koma tydeleg fram kva for eit bygg ein ser for seg skjenkinga skal skje, ei tydeleg avgrensing av skjenkeområdet og at barn og unge ikkje har tilgang til lokala.

Det må reduserast kraftig på tida for servering av alkohol både på dag, kveld og natt. Det kan ikkje vera nødvendig å skjenka frå klokka 0900 til kl. 2200 kvar dag.

Underteikna tenkjer at det bør setjast ei prøvetid for ordninga i 1 år med påfølgjande grundig evaluering av eit eventuelt løyve, før ein gjev nytt tidsavgrensa løyve.

Det må setjast krav om aldersgrense og politigodkjent dørvakt.

Politiet har ikkje merknader til søkjarane og involverte partar.

**Anca Mihaela Nitter** f. 22 11 85 frå Øystese.

**Børge Nordlinder Nitter** f. 17 05 70 frå Øystese.

**Konklusjon frå politiet:**

Med bakgrunn i det som er skrevet framfor, innstiller lensmannen i Kvam, Samnanger, Fusa og Tysnes på at det ikkje vert gjeve løyve til servering av alkohol i området til Eikedalen Skisenter. Dette vert grunngjeve med tryggleiken og sikkerheita i ski anlegget, samt dei ordensmessige utfordringane politiet vil kunne få, som følgje av overstadig rusa personar. Ein viktig faktor i denne vurderinga til politiet er synet på området som **eit rekreasjonsområdet** for barn og unge, og ikkje minst for barnefamiliar generelt.

Med helsing

  
**Terje Sperrevik**  
Lensmann